

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 08.12.2016

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 296-303/16, 326/16, 304-324/16.

Leiar Kåre Ystanes og nestleiar Gunda Falao Sparre frå **fylkeseldrerådet** orienterte om arbeidet i rådet og om kva dei ønskjer å bidra med.

### INNSENDE SPØRSMÅL

**Helge Nævdal (A)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Etter etableringa av Nye Voss Vgs i Skulestadmo (gml. Voss Jordbrukskole) hausten 2016, har det stadig og med alt for hyppige mellomrom dukka opp avvik med omsyn til skuleskyss. Dette gjeld spesielt etter endt skuledag.

Det kan synast som om SKYSS ikkje har dimensjonert for tilstrekkeleg kapasitet etter nyetableringa, og dette skapar stor negativ publisitet i lokalpressa både overfor skulen og SKYSS.

Det kan nemnast at inntil 30 elevar har stått att på haldeplassen enkelte dagar. Mange av desse er avhengig av korrespondanse mot både Hardanger og Bergen, noko som gjer saka ytterlegare prekær.

Spørsmål:

Kva vil HFK/SKYSS gjere på kort sikt for å avhjelpa situasjonen?

Er det tatt høgde for ein saumlaus og riktig dimensjonert skuleskyss frå hausten 2017 når begge dei nye skulane er i full drift?»

Fylkesordføraren svarte slik:

«Skuleskyss med buss til/frå Nye Voss vidaregåande skule er fram til no dimensjonert ut frå den timeplanen og elevtalet som skulen har meldt til Skyss via systemet for søknad om skuleskyss (Cert). Her er det er meldt at elevane ved skulen sluttar kl. 15.30 kvar dag.

Det har no kome opp at skulen nyttar ein annan timeplan enn den timeplanen som ligg til grunn for søknaden om skuleskyss, og at elevane i praksis avsluttar skuledagen til tre ulike tidspunkt.

Skyss er allereie i dialog med skulen om faktisk timeplan med tilhøyrande tal elevar og kva konsekvensar dette har for skuleskyssen. Skyss er også i dialog med bussoperatør for å få på plass bussar og sjåførar til endringa i skulerutene. Endringa vil ikkje vere på plass denne veka, men på kommande fredag vil det bli sett opp ekstra bussar for å hindre stort tal attståande. Nye Voss vidaregåande skule skal også leggje inn korrekt timeplan og tal elevar i søknadssystemet for skuleskyss (Cert).

For å kunne dimensjonere skuleskyssen frå hausten 2017 er det viktig at skulen gjev melding om timeplanen snarast mogleg i forkant av nytt skuleår, og seinast innan fastsette fristar for dette.»

**Aud Karin Oen (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Kan fylkesutvalet få ei orientering om det vedtekne statsbudsjettet for 2017 og konsekvensar for fylkesøkonomien?»

Fylkesrådmannen opplyste at gruppeleiarane ville få oversendt eit notat med aktuelle verknader for Hordaland fylkeskommune knytt til budsjettavtalen i Stortinget. Fylkesrådmannen vil kome attende til den konkrete økonomiske verknaden av desse endringane for budsjett 2017 i eiga sak til fylkestinget i mars neste år.

**OPEN TIME**

**Mona Røsvik Strømme (H)** sette fram slikt forslag:

1. «Masfjorden kommune får drifte tannhelsetjenester i kommunal regi som et alternativt tilbud til innbyggerne i området.
2. Fylkeskommunen kjøper tjenester til personer med rett til offentlig tannhelsetjeneste.»

Fylkesutvalet tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

9 av representantane (A, Sp, KrF, SV, MDG) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** bad om informasjon knytt til Bybanen:

- «Ber om at nye passasjertall for Bybanen fremlegges til fylkestinget 13.-14. desember i forbindelse med behandling av kollektivmeldingen.
- Passasjertall fremlegges for utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalget kvartalsvis heretter.»

Fylkesrådmannen vil leggje fram passasjertal.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** viste til at det er ikkje er sett av midlar til produksjonsskolen på Hjeltnes i statsbudsjettet for 2017, og spurde om kva konsekvensar dette kan få. Fylkesrådmannen vil avvente situasjonen og kome tilbake til saka.

**Fylkesrådmannen** orienterte om utleige av Fana gymnas til Bergen kommune. Notat av 07.12.2016 om prosessen, «Utleige av Fana Gymnas – ei orientering», vart delt ut i møtet.